

Saksbehandlar: Ole Ingar Hagen Hæreid, Samferdsleavdelinga
Sak nr.: 11/3875-6

Bruer på fylkesvegane. Bygging og vedlikehald - med same standard som for riksvegane

**Fylkesrådmannen rår hovudutval for samferdsle til å gje slik tilråding:
Hovudutvalet rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:**

1. Fylkesutvalet tek den nye bruforskrifta til orientering.
2. Krava i bruforskrifta kan påføre Sogn og Fjordane fylkeskommune store ekstra kostnader dersom det ikkje vert gitt høve til fråvik frå forskrifta. Fylkesutvalet i Sogn og Fjordane ber om at ev. meirkostnader som følgje krav i bruforskrifta vert kompenserte.

Vedlegg:

Andre dokument som ikkje ligg ved:

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

Grunnen for at saka er fremja

I ei ny pressemelding frå Samferdsledepartementet går det fram at

«Bruer på fylkesvegane skal bygges og vedlikeholdes i tråd med de krav og standarder som gjelder for bruer på riksvegane. Godkjenning, kontroll og inspeksjon av fylkesvegbruer skal også følge de samme bestemmelsene som for riksveger».

Dette er hovudpunkta i ei ny forskrift som no er fastlagt av Samferdsledepartementet. I tillegg til bruer femner den nye forskrifta også om ferjekaier og andre berande konstruksjonar på fylkesvegnettet.

I pressemeldinga går det fram at fråvik frå «vegnormalar» skal godkjennast av Vegdirektoratet. Det er lagt opp til at fylkeskommunane, i særlege tilfelle, kan be om fråvik frå krav som følgje av aktuelle vegnormalar. Fylkeskommunen må i så fall legge saka fram for Vegdirektoratet, som har fått mynde til å gjere vedtak om slike fråvik.

Historikk - tidlegare vedtak

I møte den 9.11.2011, sak 119/11 handsama fylkesutvalet offentleg høyring på Vegdirektoratet sitt forslag til bruforskrift. Fylkesutvalet gjorde følgjande vedtak:

Fylkesutvalet i Sogn og Fjordane har slik merknad til framlegget til ny bruforskrift for fylkesveg:

Fylkesutvalet ber om at mindre vesentlege tekniske krav vert lagt inn i vegnormalen i staden for i forskrift, slik at fylkeskommunen har mynde til å gjere vedtak om fråvik.

I saksutgreinga til denne saka viste fylkesrådmannen til at føremålet med forskrifta er å medverke til at bru, ferjekai og anna berande konstruksjon i fylkesvegnettet ved prosjektering, bygging og forvaltning får ein god og einsarta standard med omsyn til tryggleik og funksjonalitet. Forskrifta gjeld fråvik, kontroll, godkjenning og anna oppfølging av føresegner etter veglova ved prosjektering, bygging og forvaltning av bru, ferjekai og annan berande konstruksjon i fylkesvegnettet.

Fylkesrådmannen meinte også at fylkeskommunen ikkje har nødvendig kompetanse til å ta på seg det mynde som er føreslege overført til Vegdirektoratet, men tilrådde at Vegdirektoratet burde vurdere å overføre avgjerdsmynde på mindre avvik frå forskrifta til Statens vegvesen sine regionvegkontor eller fylkesavdelingar.

2. Vurderingar og konsekvensar

Sentrale problemstillingar

Forskrifta skal medverke til at bru, ferjekai og andre berande konstruksjonar på fylkesvegnettet vert gitt ein god og einsarta standard med omsyn til tryggleik og funksjonalitet ved prosjektering, bygging og forvaltning.

Etter forskrifta kan Vegdirektoratet vedta at bygging ikkje kan starte opp eller at bygging som er i gang skal stoppast eller berre kan vidareførast på visse vilkår, inntil føresegnene i forskrifta er oppfylte eller vedtak om fråvik ligg føre.

Krava i forskrifta kan påføre fylkeskommunen store ekstra kostnader ved prosjektering, bygging og forvaltning av bru, ferjekai og andre berande konstruksjonar på fylkesvegnettet.

Økonomi- og budsjettkonsekvensar

Eventuelle krav til prosjektering, bygging og forvaltning av bruer, ferjekaier og andre berande konstruksjonar på fylkesvegnettet kan, som følgje av denne forskrifta, påføre fylkeskommunen nye store utgifter som vi ikkje er i stand til handtere innanfor rammene i nytt inntektssystem. Vegdirektoratet kan vedta fråvik frå vegnormalane etter søknad frå fylkeskommunen når særlege grunnar gjer det nødvendig eller rimeleg med fråvik og at fråviket ikkje reduserer tryggleiken for trafikantar, omgivnader eller andre. Dersom fylkeskommunen vil fråvike frå vegnormalane, skal det gjerast greie for konsekvensar av fråviket samt beskrive nødvendige tiltak for at nemnde tryggleik ikkje vert redusert.

Frå 2015 får fylkeskommunen nytt inntektssystem som fører til at rammeoverføringane vert kutta med om lag 250 mill. kr innan 5 år. Denne reduksjonen vil ramme samferdsleområdet hardt. Krava i bruforskrifta kan medføre auka kostnader for fylkeskommunen samstundes som rammene vert vesentleg reduserte.

3. Konklusjon

Fylkesrådmannen hadde ikkje vesentlege merknader til høyringsframlegget til ny bruforskrift då saka var oppe til handsaming i 2011. Det nye inntektssystemet som blir innført frå 2015 medfører store kutt i rammeoverføringane til Sogn og Fjordane. Krava i bruforskrifta kan medføre store ekstra kostnader for fylkeskommunen, kostnader som vi ikkje vil vere i stand til å takle på ein tilfredsstillande måte utan større kutt på andre område. Fylkesrådmannen tilrår difor at fylkesutvalet ber Samferdseldepartementet om at eventuelle ekstra kostnader som fylkeskommunen vert påført som følgje av forskrifta vert kompenserte.